

FOR SALG:

Brekkane Bustadfelt

i sentrum av «5 minuttsbygda»



BLINK HUS

Søre Sunnmøre

LOKAL KVALITET

Om området

Frå Hareid er det kort veg til alt du treng i kvardagen, og meir til.

15-minutts-byen er byplanleggarane sin ferske draum og storbyar verda over prøver å gi innbyggjarane det dei treng i kvardagen berre nokre minutt i gåavstand frå der dei bur.

Hareid vil aldri bli ein 15-minutts-by, **men 5-minuttsbygda, det er vi** - rett nok ved hjelp av bil innimellom.

- Likar du å gå i fjellet? Ein av dei mange stiane opp er berre **5 minutt** unna!
- Treng du å handle? Du kjem deg til butikken på **5 minutt**!
- Er det du som leverer i barnehage? **5 minutt**, så er du der!
- Går ungane på skule? Det held at dei kjem seg ut døra **5 på skulestart**!
- Skal du trene? Treningssenter, idrettsanlegg og symjehall er **5 minutt** unna!
- Glad i kort veg til jobb? Innan **5 minutt** er du i gang med arbeidsoppgåvene hjå ein av dei mange flott arbeidsgivarane i Hareid!
- Strandløve? **5 minutt** er tida du treng på å kome deg til den flottaste stranda på Sunnmøre!

Sjølvsagt vil avstand til Hareid sentrum påverke tidsbruk, men Hareid kommune er ein komprimert kommune med berre 10 minutt frå alle ytterkantar og inn til sentrum.

Nesten like nært finn du:

- Butikkar, kafear, restaurant, helsehus, ferje- og hurtigbåtkai.

Vi må særskilt nemne Hareid sine moglegheiter for fritids- og rekreasjonsaktivitetar. Hareidlandet har eit enormt tal på turstiar, både bratt og slakt, og etter ein tur på ein av desse, kan du ta deg eit sjøbad og ein tur i saunaen midt i sentrum.

Det vert sagt om Hareid at vi ligg «i sentrum på Sunnmøre» og det er vi heilt einige i! Det er nemleg heller ikkje langt til andre sentrum. Ulstein sentrum er 15 minutt unna, Ålesund 25 med hurtigbåt, Moa 40 med ferje og bil, Fosnavåg 40 og Volda og Ørsta 45.

Heilt overkomeleg tidsbruk til kvardags, og ikkje meir enn det mange Oslo-folk brukar for å kome seg til og frå jobb.

Om du vil besøke nemnde Oslo-folk, er det forresten under timen frå døra di på Hareid til gaten både på Ålesund lufthamn og Ørsta-Volda lufthamn.





Velkomne til Brekkane Bustadfelt

Endeleg kan vi introdusere eit heilt nytt bustadfelt på Hareid.

I **sentrum av «5-minuttsbygda»**. Her kan du flytte inn i eit familievennleg felt som fleire generasjonar vil trivast i.

Om bustadene

På Brekkane kan du no velje mellom heile 4 bustadtypar, i tillegg til at du kan kjøpe ei av fem einebustadtomter og planlegge din eigen bustad – saman med oss! Gjennom å tilby fleire ulike type bustadar, håpar vi å skape eit byggefelt der folk kan bu heile livet og vere med å skape eit godt miljø for både små og store.

1. «Nordnes» – Funksjonelle einebustadar med «noko attåt»

Vi skal sette opp ni einebustadar fordelt på tre eksklusive kjedar. Kvar av dei har sitt eige særpreg, perfekt for Sunnmøre. Vi har også lagt opp til ulike variantar av bustadane slik at du kan velje den løysinga som passar best for din familie.

2. «Kongsvik» – Moderne einebustadar, skråstilt for best utsikt og soltilhøve

På same rekka som «Nordnes», har vi planlagt fem skråstilte einebustadar med store vindaugsflater, stor terrasse, og skråstilt for best mogleg sol- og utsiktstilhøve. Her er det tilpassingsmoglegheiter, ein kan til og med få ekstraintekter ved å leige ut hybelleiligheit, om ein ikkje har behov for dette arealet sjølv.

3. «Selnes 107» – Tre bustadar i rekke med eigen carport.

På området i feltet som ligg lengst i aust, har vi planlagt tre rekkjehus med tre bustadar i kvar rekkje og to tomannsbustadar frå Mestergruppen sin Selnes-serie. Dei tre rekkjehusa er kvar på 107 m² og kan leverast med heile fire soverom, eventuelt med tre soverom og to stover. Her kan ein altså velje mellom fleire alternative planløyningar for 1.etasje, avhengig av behov.

4. «Selnes tomannsbustad» - Tomannsbustad med fire soverom

Tomannsbustadane har tre romslege soverom i 1.etasje og «master»-soverom med eiga garderobe i 2.etasje. Med to gode bad, carport og parkeringsplass, kan ein bu i denne bustaden i mange av livets faser.

5. Vel eit kataloghus eller design din draumeheim

På dei fem øvste tomtene på Brekkane kan du byggje bustad etter egne ynskjer og budsjett, med byggeklausul. **Sjå blinkhus-sore.no**



5 tomter og 32 bustadar

1-9 Nordnes:

Ni prosjekterte einebustadar i kjede, bustadtype Nordnes 125

10-14 Kongsvik:

Fem prosjekterte einebustadar i kjede, bustadtype Kongsvik

15-23 Selnes 107:

Tre prosjekterte rekkjehus med tre bustadar i kvar rekkje, bustadtype Selnes 107

24-27 Selnes C:

To prosjekterte tomannsbustadar bustadtype Selnes C

28-32:

Fem tomter der ein står fritt til å «byggje som ein vil», men med byggeklausul

Brekkane består av opp til 48 bustadar fordelt på frittstående einebustadtomter, einebustadar i kjede/rekkje og leiligheiter i to- og firemannsbustadar. Dei siste er allereie selde.



Prisar

Nordnes:	Kongsvik:	Selnes 107:	Selnes C:	Tomter:
1. kr 6 300 000	10. kr 6 300 000	15. kr 4 800 000	24. kr 4 900 000	28. kr 1 100 000
2. kr 5 300 000	11. kr 5 400 000	16. kr 3 800 000	25. kr 5 500 000	29. kr 1 100 000
3. kr 6 000 000	12. kr 5 300 000	17. kr 4 500 000	26. kr 4 900 000	30. kr 850 000
4. kr 6 200 000	13. kr 5 700 000	18. kr 4 800 000	27. kr 5 500 000	31. kr 1 100 000
5. kr 5 300 000	14. kr 6 300 000	19. kr 3 800 000		32. kr 1 200 000
6. kr 6 000 000		20. kr 4 500 000		
7. kr 6 200 000		21. kr 4 800 000		
8. kr 5 300 000		22. kr 3 800 000		
9. kr 6 200 000		23. kr 4 500 000		

Nordnes

Dei tre ulike typane einbustadar
har eit variert, men harmonisk
fasadeuttrykk



Nordnes



Solfylte dager kan nytast på den romslege terrassen. Frå den praktiske garasjen kjem du rett ut i hagen.



Nordnes

Luftig og moderne atmosfære.
Godt med lysinnslepp og god plass til
familie og vener.







PLAN 1. ETASJE

BRA 63 m² | Terrasse 15,1 m² | Sportsbod 4,5 m² | Garasje 18,8 m²

PLAN 2. ETASJE

BRA 63 m² | Terrasse 24,9 m² | Balkong 3,0 m²





PLAN 1. ETASJE

BRA 63 m² | Terrasse 15,1 m² | Sportsbod 4,9 m² | Garasje 18,8 m²

PLAN 2. ETASJE

BRA 63 m² | Terrasse 24,9 m² | Balkong 3,0 m²



PLAN 1. ETASJE

BRA 63 m² | Terrasse 23,4 m² | Sportsbod 5,0 m² | Garasje 19,3 m²

PLAN 2. ETASJE

BRA 63 m² | Terrasse 26,3 m² | Balkong 3,0 m²



Leveransebeskriving Nordnes

Einebustad i kjede med moglegheit for hybelleiligheit

«Nordnes» er teikna av Mestergruppen Arkitekter og er ein moderne, kompakt og vedlikehaldsvenleg einebustad på to plan. Den er teikna med tre ulike alternative planløyningar for kvar etasje, med andre ord kan bustaden byggast med heile ni ulike utformingar – tilpassa din smak og din familie sine behov.

Generelt vert det nytta materiale av høg kvalitet både innvendig og utvendig. I tørre rom vert det som standard nytta klikkvinyll på golv og ferdigmåla plater i tak og på veggjar. Her er det moglegheiter for tilpassingar kva angår fargar og typar, og ein kan også oppgradere til t.d. parkett og ferdig sparkla og måla gips om ein ynskjer dette. På våtrom er standarden flis på golv med kantflis og baderomsplater på veggane.

«Nordnes» er planlagt med elektrisk oppvarming i 1.etg og vannbåren varme i 2.etg. Alternativt kan ein oppgradere til vannbåren varme i heile bustaden etter avtale.

Utvendig vert bustaden kleidd med royalimpregnerert kleidning, og vindauga er av typen tre med aluminiumsbeslag. Alt dette inneber eit minimum av vedlikehald, godt eigna for ein travel familie.

«Nordnes» vert bygd med garasje med garasjeport og sportsbod, med romsleg terrasse over, der ein kan nyte sola og utsikta mot fjord og fjell.

Planløyningar 1.etasje

For alle tre alternativa er inngangen i første etasje. Alternativ ein har eitt soverom, bad og stort vaskerom rett ved inngangen, men også moglegheit for hybelleiligheit. Denne leiligheita har bad, soverom og stove/kjøken. Alternativ to og tre har eit romsleg vindfang med varmekabel i golv og eiga garderobe, eige teknisk rom, bad og tre romslege soverom.

Planløyningar 2.etasje

Alternativ en og tre inneber eit romsleg «master soverom» med eige bad. I alternativ to vert heile etasjen nytta som opphaldsrom med kjøken i bakkant, spiseareal og stove. Alle tre alternativa har utgang til terrasse og balkong frå stova

Kjøken

Nordnes er planlagt med kjøken frå Drømmekjøkkenet Hareid med kvite frontar og benkeplate i laminat. Gjennom byggmeisteravtalen får ein gode rabattar ved eventuelle oppgraderingar.

Rør og elektro

Bustaden vert levert med lampepunkt og stikkontakter ihht NEK. Varmekablar i golv på våtrom. Moglegheit for oppgraderingar. Baderomsmøblar er inkludert i leveransen frå røyrleggar.

Garasje

Kvar einebustad får eiga uisolert garasje med betongdekke, elektrisk garasjeport og sportsbod

Grunnarbeid

Tomta vert levert med grusa innkøyring og vert grovplanert med stadleg masse.


Kongsvik

Bustaden er brukarvenleg, arealeffektiv, og legg vekt på gode gangsoner, romkjensle, lys og utsikt.

Kongsvik


Glasfelt og store vindauge gir både utsikt og romkjensle





PLAN 1. ETASJE

BRA 64,8 m² | Sportsbod 5,0 m² | Carport 34,3 m²



PLAN 2. ETASJE

BRA 64,8 m² | Terrasse 29,1 m²

Leveransebeskriving Kongsvik

Einebustad i kjede med moglegheit for hybelleiligheit

«Kongsvik» er teikna av Mestergruppen Arkitekter og er ein moderne, kompakt og vedlikehaldsvenleg einebustad over to plan. Med store vindaugsflater og moderne preg, er den ideell for sunnmørslandskapet og med lave krav til vedlikehald, gir den alle moglegheiter til å nyte livet også ute i dette landskapet.

Generelt vert det nytta materiale av høg kvalitet både innvendig og utvendig. I tørre rom vert det som standard nytta klikkvinyl på golv og ferdigmåla plater i tak og på veggjar. Her er det moglegheiter for tilpassingar kva angår fargar og typar, og ein kan også oppgradere til t.d. parkett og ferdig sparkla og måla gips om ein ynskjer dette. På våtrom er standarden flis på golv med kantflis og baderomsplater på veggane.

«Kongsvik» er planlagt med elektrisk oppvarming og peis. Alternativt kan ein oppgradere til vannbåren varme i heile bustaden etter avtale.

Utvendig vert bustaden kleidd med royalignpregnert kleidning, og vindauga er av typen tre med aluminiumsbeslag. Alt dette inneber eit minimum av vedlikehald, godt eigna for ein travel familie.

«Kongsvik» vert bygd med garasje med garasjeport og sportsbod, med romsleg terrasse over, der ein kan nyte sola og utsikta mot fjord og fjell. Husa er skråstilte på tomta, slik at alle bustadane skal få tilgang til sola og få minimalt med innsyn frå naboen.

Planløsning 1.etasje

Første etasje har ein romsleg entrè med moglegheit for klesoppheng og garderobereskap. For å utnytte plassen, finnast det også løysingar for garderobe, bod eller kontor under trappa. Avhengig av om ein ynskjer å gå for ei løysing med hybelleiligheit, har ein to eller tre soverom og bad med opplegg for vaskemaskin og tørketrommel. Ynskjer ein ikkje hybel, er det mogleg å tilpasse etasjen med litt større eller til og med eit ekstra soverom

Planløsning 2.etasje

I andre etasje kjem ein opp i ei flott stove med opa kjøkenløysing, store vindaugsflater og god takhøgde. I denne etasjen finn ein også eit romsleg «master»-soverom og stort bad med opplegg for vaskemaskin og tørketrommel. Frå kjøkenet er det utgang til ein stor vestvendt terrasse over garasjen.

Kjøken

Kongsvik er planlagt med kjøken frå Drømmekjøkkenet Hareid med kvite frontar og benkeplate i laminat. Gjennom byggmeisteravtalen får ein gode rabattar ved eventuelle oppgraderingar.

Rør og elektro

Bustaden vert levert med lampepunkt og stikkontakter ihht NEK. Varmekablar i golv på våtrom. Moglegheit for oppgraderingar. Baderomsmøblar er inkludert i leveransen frå røyrleggjar.

Carport

Kvar einebustad får eigen carport med betongdekke og sportsbod.

Grunnarbeid

Tomta vert levert med grusa innkøyring og vert grovplanert med stadleg masse.



Selnes 107

Kompakt einebustad i rekkje med mange kvaliteter for ein travel familie, som til dømes eit minimum av vedlikehald



Selnes 107

Rekkjehusa får tilgang til egen carport
og parkeringsplass



Selnes 107

Stove med opa kjøkenløsning og plass til
spisebord eller kjøkenøy, alt etter behov



Selnes 107

Romsleg plass under trappa som kan
nyttast til lagring

Selnes 107


Plassen under trappa kan også nyttast til kontor eller leikeplass for borna



Selnes 107

I 2. etasje finn ein «master»-soverommet med eiga garderobe.

Selnes 107 kan leverast med heile fire soverom, eventuelt med tre soverom og to stover.
Her kan ein altså velje mellom fleire alternative planløyningar for 1.etasje, avhengig av behov.



PLAN 1. ETASJE

BRA 53,7/54,2 m² avhengig av valt alternativ

PLAN 2. ETASJE

BRA 53,7/54,2 m² avhengig av valt alternativ



Leveransebeskriving Selnes 107

Einebustad i rekkje

«Selnes 107» er teikna av Mestergruppen Arkitekter og er eit moderne, kompakt og vedlikehaldsvenleg rekkjehus over to plan. Med opp til fire gode soverom kan den huse ein familie gjennom mange livsfasar.

Generelt vert det nytta materiale av høg kvalitet både innvendig og utvendig. I tørre rom vert det som standard nytta klikkvinyll på golv og ferdigmåla plater i tak og på veggjar. Her er det moglegheiter for tilpassingar kva angår fargar og typar, og ein kan også oppgradere til t.d. parkett og ferdig sparkla og måla gips om ein ynskjer dette. På våtrom er standarden flis på golv med kantflis og baderomsplater på veggane.

«Selnes» er planlagt med elektrisk oppvarming og peis.

Alternativt kan ein oppgradere til vannbåren varme i heile bustaden etter avtale.

Utvendig vert bustaden kleidd med royalimpregnert kleidning, og vindauga er av typen tre med aluminiumsbeslag. Alt dette inneber eit minimum av vedlikehald, godt eigna for ein travel familie.

Tomannsbustadane og rekkjehusa får tilgang til eigen carport og parkeringsplass.

Tomannsbustadane har i tillegg sportsbod tilknytta bustaden for oppbevaring av sykklar, hagereiskap etc.

Planløsning 1.etasje

Innanfor inngangsdøra er det vindfang med skyvedør og plass til skyvedørgarderobe.

I gangen innanfor er det moglegheit for eit fellesområde/kjellarstove, med eller utan skjerming frå resten av bustaden. Om ynskjeleg kan ein velje løysing med tre soverom, eller ein kan ha kjellarstova i front av bustaden. På badet er det lagt opp til vaskemaskin og tørketrommel. Det tekniske har ei eiga bod rett ved badet. Om ynskjeleg, finnast det moglegheiter for bod, kontorplass eller garderobe under trappa, via trappeleverandør.

Planløsningar 2.etasje

I 2.etasje finn ein «master»-soverommet med eiga garderobe. Rett ved soverommet er det lagt opp til eige WC. I front er stova med opa kjøkenløyising og plass til spisebord eller kjøken-øy alt etter behov.

Kjøken

Bustaden er planlagt med kjøken frå Drømmekjøkkenet Hareid med kvite frontar og benkeplate i laminat. Gjennom byggmeisteravtalen får ein gode rabattar ved eventuelle oppgraderingar.

Rør og elektro

Bustaden vert levert med lampepunkt og stikkontakter ihht NEK. Varmekablar i golv på våtrom. Moglegheit for oppgraderingar. Baderomsmøblar er inkludert i leveransen frå røyrleggar.

Carport

Kvar einebustad får eigen carport og oppstillingsplass nær bustaden.

Grunnarbeid

Tomta vert levert med grusa innkøyring og vert grovplanert med stadleg masse.

Selnes C


Royalimpregnert kleidning, og vindauge
av typen tre med aluminiumsbeslag.
Alt dette inneber eit
minimum av vedlikehald



Selnes C

Kvar einebustad får eigen carport og oppstillingsplass nær bustaden





PLAN 1. ETASJE

BRA 66,5 m² | Sportsbod 5,6 m²

PLAN 2. ETASJE

BRA 64,5 m² | Balkong 8,5 m²



Leveransebeskriving Selnes C

Romsleg tomannsbustad med fire soverom og carport

Selnes C er teikna av Mestergruppen Arkitekter og er ein moderne, kompakt og vedlikhaldsvenleg tomannsbustad over to plan. Med fire gode soverom kan den huse ein familie gjennom mange livsfasar.

Generelt vert det nytta materiale av høg kvalitet både innvendig og utvendig. I tørre rom vert det som standard nytta klikkvinyll på golv og ferdigmåla plater i tak og på veggjar. Her er det moglegheiter for tilpassingar kva angår fargar og typar, og ein kan også oppgradere til t.d. parkett og ferdig sparkla og måla gips om ein ynskjer dette. På våtrom er standarden flis på golv med kantflis og baderomsplater på veggane.

«Selnes» er planlagt med elektrisk oppvarming og peis. Alternativt kan ein oppgradere til vannbåren varme i heile bustaden etter avtale.

Utvendig vert bustaden kleidd med royalimpregnerert kleidning, og vindauga er av typen tre med aluminiumsbeslag. Alt dette inneber eit minimum av vedlikehald, godt eigna for ein travel familie.

Tomannsbustadane og rekkjehusa får tilgang til eigen carport og parkeringsplass. Tomannsbustadane har i tillegg sportsbod tilknytta bustaden for oppbevaring av sykklar, hagereiskap etc.

Planløsning 1.etasje

Innanfor inngangsdøra kjem ein inn til ein romsleg hall med moglegheit for skyvedørsgarderobe. I enden av denne gangen er det lagt opp til eit lite fellesareal for soveroma. Denne «avdelinga» kan eventuelt skjermast frå resten av huset med dør. I etasjen finn ein også tre gode soverom og eige bad med opplegg for vaskemaskin og tørketrommel. Det tekniske har ei eiga bod rett ved badet, og det er også ei bod for lagring av anna i denne etasjen.

Planløsningar 2.etasje

I 2.etasje finn ein «master»-soverommet med eiga garderobe. Badet har også her moglegheit for opplegg til vaskemaskin og tørketrommel om det er ynskjeleg. Frå stova er det utgang til balkong der ein kan nyte utsikta mot fjord og fjell.

Kjøken

Bustaden er planlagt med kjøken frå Drømmekjøkkenet Hareid med kvite frontar og benkeplate i laminat. Gjennom byggmeisteravtalen får ein gode rabattar ved eventuelle oppgraderingar.

Rør og elektro

Bustaden vert levert med lampepunkt og stikkontakter ihht NEK. Varmekablar i golv på våtrom. Moglegheit for oppgraderingar. Baderomsmøblar er inkludert i leveransen frå røyrlaggar.

Carport

Kvar einbustad får eigen carport og oppstillingsplass nær bustaden.

Grunnarbeid

Tomta vert levert med grusa innkøyring og vert grovplanert med stadleg masse.



Det løner seg å kjøpe nytt!

Når du kjøper ein heilt ny bustad får du fleire fordelar som:

- Ingen har budd der før og du kan bli den første som bur seg inn i bustaden
- Alt er nytt! Dette betyr mindre vedlikehald og null oppussing
- Sett ditt personlege preg på bustaden gjennom tilval
- Null stress med bodrundar
- Spar pengar på ein energieffektiv bustad og låg dokumentavgift
- 5 års reklamasjonsrett



Om Blink Hus Søre Sunnmøre

Når vi skal hjelpe deg med å bygge husdraumen står dine behov i fokus. Våre tilsette stiller med brei kompetanse, lang erfaring, og ein tydeleg motivasjon for å levere kvalitet over tid. I ei utfordrande og turbulent tid for byggebransjen, står vi fjellstøtt takka vere berekraftig og framoverlent drift gjennom mange år. Vi er difor eit trygt val for våre kundar, både no og i framtida.

Ta kontakt eller meld interesse i dag så held vi deg informert på vegen mot din nye bustad.

TA KONTAKT MED

Terje Giskeødegård Balsnes
Tlf: 942 62 699
Epost: terje@blinkhus-sore.no

